

BONDEUNGDOMSLAGET  
I OSLO



# ÅRSMELDING



2020



# INNHALD

---

## INNHALD

## SIDE

1.	Innleiing	3
2.	Generelt	4
2.1	Medlemstal	4
3	Kultur- og idrettsaktivitetane	5
3.1	Særlaga	5
3.2	Nynorskens hus	7
3.3	Faste tilskipingar	8
4.	Tilskipingar i 2020	9
5.	Informasjonsarbeid	10
6.	Eigedomar og drift	10
7.	Økonomi og forretningsdrift	12
8.	Tilsette på lagskontoret	13
9	Valde ombod i og for Bondeungdomslaget	14

Bilete på framsida frå toppen: (1) Ymse skjermbilete frå online møte, (2) Teaterlaget: Øving Kon-Tiki. Foto: Kari Velure, (3) Songlaget: Song på Heimen Husfliden. Foto: Hege Andresen, (4) Leikarringen: Feiring av Gnist-prisen. Foto: Thor Hauknes, (5) Idrottslaget: Friidrettsskule, Foto: Julie Gaustad.

# 1. INNLEIING

---


Året 2020 var prega av COVID-19 og strenge smittevernstiltak frå mars. Det var difor lite lagsaktivitet med fysisk oppmøte og dei fleste møte, både i lagsstyret og særlagsstyra har gått føre seg på nett. Særlaga fekk heldt sine årsmøte sidan dei var før mars, medan hovudlaget sitt årsmøte måtte flyttast frå 18. mars til 17. juni.

Medlemstalet har likevel auka i år. Dette kan dels skuldast at kontingentfakturaer blei sendt ut før verda stengte ned og at barneidretten har vore open mesteparten av året.

Særlaga har gjort ein imponerende innsats når det gjeld å ta vare på medlemmene sine. Alle har prøvd ut digitale alternativ til sin vanlege aktivitet og i tidsromma dei har kunna møte fysisk, har dei lagt mykje arbeid i smittevern. Etter det vi veit har ingen blitt smitta av COVID-19 knytt til aktivitet i BUL i 2020.

Det var eit økonomiske utfordrande år for hovudlaget ettersom vi fekk mindre likviditetsoverføring frå forretningane enn normalt. Dette gjorde at særlaga fekk mindre aktivitetsstøtte enn planlagt og alle tilsette var, heilt eller delvis, permittert frå stillingane sine 1. april-1. august. Siste halvdel av 2020 har det gått noko betre med økonomien. Dette skuldast m.a. innsparing på lønsutgifter våren 2020, at dagleg leiar slutta i juli og aukande etterspurnad etter leige av Teatersalen. Likevel har vi berre brukt pengar på det som har vore naudsynt for å sikre normal drift.

Det blei utnemnd seks nye heidersmedlemmer i laget i 2020: Unni Helland, Arne Nordvi, Olaf Almenningen, Vigdis Rønning, Edvard Lauen og Nils Norman Iversen.




## 2. GENERELT

### 2.1 Medlemstal\*

MEDLEMSTAL	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016
<b>BUL Samla</b>	<b>658</b>	<b>639</b>	<b>677</b>	<b>701</b>	<b>716</b>
Idrottslaget	423	393	429	452	457
Leikarringen	137	128	116	115	114
Av desse i BULder og TrøBUL	18	16	12	8	21
Songlaget	29	30	33	37	39
Teaterlaget	24	21	24	22	27
Ikkje med i eit særslag	45	51	63	67	61

\*Medlemer som har betalt kontingent i løpet av året og som står som medlemer ved årsskiftet.

Betalte 2020, men meldt ut før 31.12.20: 75.



# 3. KULTUR- OG IDRETSSAKTIVITETANE

## 3.1 Særlaga

### Songlaget

Songlaget heldt årsmøte 20. februar. Dagen etter samla Songlaget seg til årsfest på Grünerløkka grendehus. Nye medlemmer fekk eittårsmerke, og det var ymse hyggjelege selskapsleikar. Den 29. februar song Songlaget for Heimen Husfliden på Glasmagasinet. Temaet var bryllaup, og Songlaget øvde inn ei rad brudemarsjar til denne tilskipinga. Etter dette hadde Songlaget ein stille vår, med øvingar på Zoom. Dirigenten flytta også utanlands og laget fekk ny dirigent i løpet av sommaren, som dei er nøgd med: Knut Kristian Mohn. Dessverre måtte både vår-/sommar- og julekonsert i 2020 avlysast. Songlaget har i 2020 hatt 29 medlemmer.



Songlaget syng på Heimen Husfliden 29.02.20.  
Foto: Terje Svindseth.


### Leikarringen

Leikarringen har ikkje hatt vanlege øvingar sidan mars ettersom denne aktiviteten naturlegvis omfattar ein del nærkontakt. Etter nedstenginga kasta dei seg raskt på den digitale bølga og har arrangert webinar, online dansing og møte på nett. Frå august til november hadde dei ein del alternative danseøvingar i salen, ved å ha påmelding for å avgrense deltakarar og auka smittevern. Også her nytta dei seg godt av digitale hjelpemiddel for å

inkludere flest mogleg.

Leikarringen har hatt ein del oppdrag i 2020 og det har difor gått økonomisk ganske greitt. Dei blei tildelt Gnist-prisen for arbeidet med opplæring i folkedans for born og unge.

Medlemstalet i Leikarringen talde 133 ved inngangen til 2021.



Frederick Brevig Jacobsen (BULder og Brak) på Riksscenen si 10 år jubileumshelg 18.-20.09.20.  
Foto: Knut Utler.

### Idrottslaget

I februar arrangerte Idrottslaget NM innandørs i samarbeid med IK Tjalve og Oslo & Akershus friidrettskrets. NRK sende direkte frå NM og det var 32 utøvarar i aksjon frå IL i BUL.

Idrottslaget måtte også avlyse trening frå mars, men hadde moglegheit til å starte opp igjen 18. mai med dei yngste gruppene, ettersom regjeringa prioriterte aktivitet for dei yngste.

I 2020 skulle IL ha arrangert Asics Sentrumsløpet for 40. gong, men måtte først utsette dette til 10. oktober for så å avlyse heile arrangementet.

Saman med IK Tjalve arrangerte Idrottslaget ein stemneserie på Bislett for senior over tre delar (07.06, 14.06. og 03.09.). Dei var med og arrangerte Impossible Games 11.06. og gjennomførte sommar-skule på Bislett, med rekordmange påmelde. I august var dei med på UM på Jessheim og i september NM i Bergen. Julestemnet måtte dessverre avlysast. Rett før jul sende Idrottslaget inn søknad til krisepakke 3 og fekk innvilga kompensasjon for tapte inntekter frå Sentrumsløpet og julestemnet.

Ved utgangen av 2020 hadde IL 423 medlemmer – ein oppgang frå utgangen av 2019. Ein av grunnane til dette er at dei, ved hjelp av appen Gnist, har følgd tettare med på forfall og slik kunna raskare tilby plass til barn på ventelista.



UM på Jessheim Stadion 28.–30. august. Foto: Unni Helland.

## Teaterlaget

Teaterlaget hadde store planar i 2020 der dei skulle sette opp stykket Kon-Tiki 2: Thor Heyerdahl i landet under havet, både skrive og regissert av Knut Nærum. Dessverre måtte øvingane avlysast frå mars og det blei etter kvart avgjort at framsyningane også måtte avlysast.

Teaterlaget starta med relativt normal øving igjen på hausten der dei også brukte

Lagsrommet for å kunne dele opp i mindre grupper. Dei gjennomførte i denne perioden interne visingar av stykka dei jobba med.

Når tiltaka blei stramma inn i november gjekk Teaterlaget over til digitale leseprøvar og dei måtte avlyse alle framsyningane sine i desember.



Teaterlaget sitt tips i det digitale året 2020. Foto: Teaterlaget/Instagram

## Målarbeid

I starten av 2020 planla målmemnda å få til ein Jakob Sande-kveld, og freista også å få til ein kveld med NRK-profil Ingvild Bryn på programmet. Begge desse prosjekta blei lagt på is.

Den 29. august var dei medarrangør av Norsk målstemna, til liks med i 2019. Hovudtemaet i år var forfattarane Olav H. Hauge og Hans Henrik Holm. Seminaret var vellukka endå frammøtet var magert.



På lagskontoret har vi hatt avgrensa kapasitet til å drive aktivt målarbeid. Gjennom Nynorsk forum har vi hatt namnet vårt med på ymse innspel til høyringar o.l., men ikkje hatt kapasitet til å vere ein særskild aktiv medlem av forumet.

Ein av våre språklege prioritatar er å sørge for at det aller meste av ekstern informasjon på nettsider, Facebook- og Instagram-sider knytt til laget, og utsendingar, er på nynorsk. Dette står særleg i hovudsak for sjølv, medan dagleg leiar framleis har prioritert å støtte Idrottslaget med å skrive, omsette eller språkvaske innlegg og utsendingar. Dette har blitt prioritert sidan spesielt Sentrumsløpet har mykje trafikk på nettsida og sosiale medium, i tillegg til over 20.000 mottakarar av nyheitsbrevet. Lagskontoret har difor vurdert desse kanalane som viktige når vi skal fronte vår nynorske profil.

## 3.2 Nynorskens hus

### Arrangement i Nynorskens hus

Nynorskens hus hadde ein veldig aktiv start på året med Ein dag i Nynorskens hus og Gullfebla, som blei spelt for 30 skuleklasse i januar/februar. Del 1: Ein dag i Nynorskens hus var ei oppdagings- og dannelsesreise i språk og kultur i Nynorskens hus. Nesten alle romma nede blei nytta og rekvisittar, lydeffektar, forteljing, leik og dans tok elevane med på ei språkhistorie der dei til slutt fekk høyre kva dette huset blir brukt til i dag. På del 2 kom dei same elevane tilbake og såg framsyninga Gullfebla av Den mangfaldige scenen (DMS) – som er ei skrøne, om eventyrsamlarar og gamle kjerringer, om trua på at ein kan gjere noko stort med livet sitt. Vi fekk gode tilbakemeldingar frå lærarane og både guidane og vi som arrangør meinte det hadde vore eit svært vellykka prosjekt. Prosjektet hadde Den kulturelle skulesekken som hovudsponsor, i tillegg til bidrag frå BUL, DMS og andre, men enda med eit underskot på 8.600 som blei delt mellom BUL og DMS.



Ein dag i Nynorskens hus – Lærer om Teaterslaget.  
Foto: Øystein Bagle-Tennebø.

Ut over dette var det vanleg aktivitet og ein del utleige i salen fram til midten av mars då vi stengte lokalet.

Med usikker smittesituasjon og permitterte tilsette blei det heller ikkje planlagt mykje for hausten. BUL og DMS var samarbeidspartnarar på *Grieg-festivalen* som blei halde i juli/august, men her fungerte BUL hovudsakleg som husvert. Vi hadde også rolla som husvert under *123-festivalen* som blei arrangert i september, men her har altså ikkje BUL stått som arrangør dei siste to åra.

*Peli Poikki – Skogfinna kjem* blei arrangert den 24. oktober. Dette var ein kulturkveld for å gjere den skogfinske kulturarven meir kjent. Dørene opna kl. 16.00 med utstilling. På kveldsseminaret sette ordføraren tonen, og prologen løfta publikum inn i skogfinnane si verd. Arrangørane beskrev det som ein magisk kveld der alt stemte – dikt, musikk, intervju, føredrag, dans og song. Tidspunktet for tilskipinga stemte også, ettersom Peli Poikki blei arrangert kort tid før Oslo innførte sosial nedstenging i samband med COVID-19-bølgje 2.



Marianne Borgen | Peli Poikki – Skogfinna kjem.  
Skjermbilete frå film av Thor Hauknes.

*Peli Poikki – Skogfinna kjem* hadde eit budsjett på 190.000. Det viste seg at honorara var urealistisk lågt budsjettert, men dei klarte å auke desse ved å spare inn på andre postar og enda difor opp med å gå i null.



Utstilling av skogfinske **museumsting**, litteratur og husflid frå kl.16  
Smaksprøver på tradisjonsmat, og **kaffiservering**



Plakat Peli Poikki. Design: Tore Hansen,

I november hadde vi planlagt to boklanseringsarrangement i samarbeid med Venelaget Samlagsrota: *Bibelens kvinner*. Alf Kjetil Walgermo i samtale med biskop Kari Veiteberg og *Delt tekst, delt trøyst* med Olaug Nilssen og Laura Djupvik, men begge måtte avlysast.

### 3.3 Faste tilskipingar

I 2020 fekk vi dessverre ikkje gjennomført våre faste tilskipingar: verken 17. mai eller julegraut.



## 4. TILSKIPINGAR I 2020

Denne lista viser tilskipingar i regi av BUL med særslag, arrangement der særлага har vore med, og andre arrangement i Nynorskens hus.

Tilskipingar i **utheva skrift** er i regi av BUL, i *kursiv* er arrangement der BUL har vore med.

I 2020 blei mange tilskipingar utsett eller avlyst og desse er markert i **raudt**.

### Januar

13.-31. **Ein dag i Nynorskens hus**

### Februar

3.-14. *Gullfebla*

### Mars

17. **Årsmøte BUL (utsett)**

21. **Peli Poikki - Skogfinna kjem (utsett)**

### April

27. **Asics Sentrumsløpet 2020, Idrottslaget (utsett)**

### Mai

7. **Vårkonsert, Songlaget (avlyst)**

17. **Brusteinsball på Universitetsplassen, Leikarringen og Songlaget (avlyst)**

17. *Dans i gatene, BULder og Brak / Oslo kommune*

30.-5.6. **Kon-Tiki 2: Thor Heyerdahl i landet under havet, Teaterlaget (avlyst)**

### Juni

7. **Stemneserie del 1, IL i BUL/IK Tjalve**

9. **Sommaravslutning, Leikarringen**

11. *Impossible Games 2020, Bislettalliansen/Idrottslaget*

14. **Stemneserie del 2, IL i BUL/IK Tjalve**

15. **Sommaravslutning, Teaterlaget**

17. **Årsmøte, BUL**

25. **Sommaravslutning, Songlaget**

### Juli

31.-2.8. *Oslo Griegfestival*

### August

### September

3. **Stemneserie del 3, IL i BUL/IK Tjalve**

23. **Treningsstemne for barn, IL i BUL/SK Vidar**

### Oktober

10. **Asics Sentrumsløpet 2020, Idrottslaget (avlyst)**

24. **Peli Poikki - Skogfinna kjem**

26. **Internvising, Teaterlaget**

### November

2. **Internvising, Teaterlaget**

4. **Boklansering, Nynorskens hus (avlyst)**

16. **Boklansering, Nynorskens hus (avlyst)**

28. **Julestemne, Bærum idrettspark, Idrottslaget (avlyst)**

### Desember

5.-11. **Min kone går igjen, Frieriet, Mystikk på badet, Teaterlaget (avlyst)**

9. **Julegraut i Teatersalen (avlyst)**

10. **Utandørs juleavslutning, Songlaget**

12.-13. **Julekonsert, Songlaget (avlyst)**

15. **Digital juleavslutning, Leikarringen**



Stemnet på Bislett 3.9. Foto: Samuel Hafsahl.

## 5. INFORMASJONSARBEID

I 2020 har informasjonsarbeid frå lagskontoret si side hovudsakleg vore internt retta; Mesteparten av informasjonen har vore knytt til smittevern og -tiltak og annan praktisk informasjon, og mesteparten har gått gjennom særlagsleiarane.


Då vi etter mars berre hadde Øystein Bagle-Tennebø i 40 % stilling, var det ikkje kapasitet til å gjere mykje promoteringsarbeid for laget, og med få arrangement har det også vore mindre å kommunisere rundt. Kari Velure gjekk opp i 100 % stilling frå august, men ettersom dette erstatta både hennar tidlegare og Øystein si stilling, var det relativt stille i våre kanalar også hausten 2020.

Langtidsprosjekt har også blitt lagt på is. I slutten av 2019 sette Kari i gang med eit filmprosjekt som skulle kunne brukast til å lage forskjellige promoteringsfilmar for laget. Det blei m.a. filma under 100 årsdagen til Leikarringen, Songlaget sin julekonsert og ei av Teaterlaget sine generalprøvar til juleframsyninga. Tidleg i 2020 blei det filma noko, men sidan mars har det ikkje blitt jobba vidare med dette. Også nyheitsbrevet, som sidan oktober 2018 har gått ut fire gonger i året, har ikkje blitt sendt ut sidan februar 2020.

Det har blitt lagt ut ein del saker og oppdateringar på heimesidene våre, hovudsakleg av medlemmer, og heimesida har difor haldt seg bra oppdatert i 2020.

BUL si Facebook-side hadde 565 følgjarar ved utgangen av 2020, ein oppgang frå 537 ved utgangen av 2019. Nynorskens hus har 1019 følgjarar ved utgangen av 2020, ein oppgang frå 979 ved utgangen av 2019. På Instagram har Nynorskens hus 210 følgjarar, trass i ganske få innlegg total og berre tre innlegg i 2020.

Særlaga har halde kanalane sine godt oppdatert og har måtta jobba ekstra hardt, både med informasjon knytt til smittevern dette året, og med å ha digitale alternativ til vanlege øvingar. Leikarringen har vore spesielt gode til både å arrangere og å informere om andre relevante digitale arrangement til følgjarane sine, og halde heimesida godt oppdatert.



Styret i Leikarringen inviterer til 17. maifeiring


Foto: Leikarringen/Facebook

## 6. EIGEDOMAR OG DRIFT

### Lagslokala

I januar blei Teatersalen omforma til prosjektet Ein dag i Nynorskens hus med m.a. runar på veggane, gardiner framfor trappa og namn på dørene slik som «Noreg» og «Kvensk». Nokre av desse runene og namneskilta heng der framleis.

Det var planlagt å kjøpe inn nye stolar til Teatersalen og det blei sett opp prøvestolar i gangen



Ein dag i Nynorskens hus | januar – Lærer om runer.  
Foto: Øystein Bagle-Tennebø.

og ei spørjeundersøking på nett. Dette blei lagt på is i mars. Då lagsaktiviteten stoppa blei salen også stengt for anna aktivitet og hyppigheit av vask og straumbrok blei sett ned til det minimale.

Det blei på hausten innhenta eit pristilbod på nye lampar til foajeen, men dette blei vurdert for dyrt å investere i dette året.

På Lagskontoret har det ikkje blitt gjort nokon endringar i løpet av 2020.

## Hyttene

Røkleivhytta har vore leigt ut 43 døgn og hatt 256 besøkande i 2020 (2019: 64 utleigedøgn og 632 besøkande). Fleire har bestilt, men i vår stengte vi hytta og i haust avbestilte mange grunna sosiale restriksjonar. Lagskontoret står framleis for booking og fakturering medan hyttestyret står for tilsyn.

Hytta har ikkje hatt større oppgraderingar i 2020, men ymse arbeid har blitt utført, som omfattande vask og rens, kjøp av ny komfyr og nye gardiner sydd av Bjørg Kirsti Myklebust.

For kanskje første gong feira ein familie alle juledagane på hytta. Hyttestyret henta eit flott juletre frå eigen skog for anledninga og ny komfyr blei installert like før klokkene ringde jula inn.

Røkleivhytta fylte 100 år i 2020, men markeringa av det måtte utsettast.

På Bondehytta har det blitt utført omfattande arbeid med oppgradering av toalett og sanitærfasilitetar. Dette arbeidet var allereie i gang i desember 2019 og blei fullført tidleg i 2020. Håpet var at ei slik oppgradering skulle gjere hytta meir attraktiv til bruk av særlaga og for ekstern utleige, men det får vi ikkje svar på før etter pandemien.

Sikringsskapet og delar av det elektriske anlegget blei også oppgradert. Det har hovudsakeleg vore personar frå dansemiljøet i BUL og BLS som har brukt hytta i 2020, 3–4 grupper. Hyttestyret hadde to dugnadshelger, i tillegg til at enkeltpersonar frå styret var oppe og gjorde mindre arbeid fleire gonger.

## Utleige Teatersalen og Lagsrommet

Ettersom Teatersalen og Lagsrommet blei brukt til Ein dag i Nynorskens hus og Gullfebla i januar/februar hadde vi ikkje mykje utleigekapasitet på starten av året, men det var litt utleige i helgene. I februar blei salen leigt ut i åtte dagar til prosjektet Kaffetår. Etter mars var det ein stille periode der salen berre delvis blei brukt av DMS og særlaga.



Bondehytta.

Foto: Anbjørg Myhra Bergwitz



I forhold til vanleg har vi hatt store mengder sprit i Nynorskens hus i 2020. Foto: Kari Velure.

Vi starta så vidt med utleige igjen i juni, og frå august og utover blei salen leigd ut ganske mykje. Spesielt har vi hatt meir utleige på dagtid enn til vanleg. Til saman har dette gitt oss leigeinntekter på om lag 250.000 kroner frå august til og med desember.

Den mangfaldige scenen AS har øvingar og administrasjon hos BUL og betaler husleige for dette.

## 7. ØKONOMI OG FORRETNINGSDRIFT

Laget hadde i 2020 inntekter på om lag 1,9 mill. før renteinntekter og kostnader på om lag 4,5 mill. Renteinntekter frå Bøndenes hus var på nær 1,8 mill. Grunna situasjonen forretingane er i, har vi tatt ut mindre likviditet dette året. Det er ingen kompensasjonsordningar som dekkjer tapte renter og aksjeutbytte.

Hovudlaget permitterte dei tilsette frå april, med unntak av dagleg leiar som gjekk i 40 % stilling. Vi har følgd eit stramt likviditetsbudsjett heile året og berre brukt pengar på det som har vore rekna som naudsynt. I krisepakke to og tre søkte vi om kompensasjon for inntektstap på hyttene og fekk innvilga dette.

Covid-19 har hatt stor innverknad på forretingane. Hotellet og Kaffistova blei raskt stengde då smittevernstiltaka starta og selskapet la investeringar på is. Etter at hotellet og Kaffistova opna att, har det vore langt under normalt sal, og mange tilsette har vore permitterte frå mars og ut året. Kaffistova har særleg lide av at det har vore veldig lite folk i sentrum og det er også få som har reist til Oslo for å overnatte. Likevel har Bondeheimen stått seg godt mot konkurrentane. På Heimen husfliden har dei hatt fleire delvis eller heilt permitterte tilsette, i tillegg til kortare opningstider. Elles har Heimen husfliden, og særleg produksjonen, greidd seg tolleg godt gjennom krisa. Forretingane har fått 1,6 mill. i kompensasjon frå staten og 300 000 i lønstilskot.




Foto: Hotell Bondeheimen / Facebook

## 8. TILSETTE PÅ LAGSKONTORET

### **Øystein Bagle-Tennebø**

Dagleg leiar fram til 15.07.20. 100 %-stilling i perioden 01.01.20 til 31.03.20 og 40 % i perioden 01.04.20 til 15.07.20.

### **Kari Velure**

Organisasjonskonsulent fram til 15.07.20. 80 %- stilling i perioden 01.01.20 til 31.03.20 og permittert i perioden 01.04.20 til 15.07.20. Fungerande dagleg leiar perioden 15.07.20 til 31.12.20.

### **Liv Hege Skagestad**

Plan- og utviklingsansvarleg. 100 %-stilling (50 % permisjon for å jobbe i DMS) i perioden 01.01.20 til 31.03.20 og 01.09.20 til 31.12.20. Permittert i perioden 01.04.20 til 31.08.20.

### **Jøran Normann**

Ansvarleg for utleige/sal/teknikk. 50 %-stilling i perioden 01.01.20 til 31.03.20 og 01.09.20 til 31.12.20. Permittert i perioden 01.04.20 til 31.08.20. Leigt ut 20 % til BLS 01.01.20 til 31.03.20.

### **Eirik Tanberg**

Dagleg leiar i Idrottslaget. 100 %-stilling.

### **Simen Wifstad**

Administrasjon- og arrangementsansvarleg i Idrottslaget. 100 %-stilling.

### **Ulv Holmer**

Konsulent i Idrottslaget. 20 % stilling.



F.v.: Eirik Tanberg, Liv Hege Skagestad, Øystein Bagle-Tennebø, Jøran Normann, Ulv Holmer, Kari Velure og Simen Wifstad.

Permitteringane i hovudlaget gjorde at vi i perioden 1. april til 15. juli berre hadde 14 % arbeidskapasitet. Frå 1. august gjekk vi opp i 36 % og frå 1. september opp til 71 %. Stillinga som dagleg leiar blei ikkje erstatta ettersom vi også resten av året hadde avgrensa økonomi og Kari Velure var difor fungerande dagleg leiar ut året og inn i 2021.


Det har ikkje vore ulukker eller skadetilfelle i 2020. Sjukefråværet er lågt. Laget som arbeidsgjevar er bunde av «Landsoverenskomsten for virksomheter» mellom Virke og arbeidstakarorganisasjonane.

# 9. VALDE OMBOD I OG FOR BONDEUNGDOMSLAGET

## 9.1 Lagsstyret 2020/2021

På årsmøtet 17. juni 2020 vart desse valde til lagsstyret:

Leiar	Terje Svindseth
Nestleiar	Julie Farseth Berg
Styremedlem	Gunnvald Grønvik
Styremedlem	Olav-Johan Øye
Styremedlem	Fredrik Elfstrand
1. varamedlem	Anne Cathrine Johansen
2. varamedlem	Anbjørg Myhra Bergwitz
3. varamedlem	Steinar Hernes



I 2020 har lagsstyret hatt 13 møte: tre fysiske møte på Lagskontoret, seks videomøte på Teams og fire var ein kombinasjon. Leiaren har leia møta. Lagsstyret har handsama 96 saker. Varamedlemene vart kalla inn til alle møta. Saker til styremøta blir førebudde i samarbeid mellom lagsleiar/AU og administrasjonen.

### Valde ombod for Bondeungdomslaget i Oslo

#### **Landsmøtet i Noregs Ungdomslag**

Mari Elise Haugen, Endre Flatmo, Marie Nicolaisen, Fredrik Hope og Anbjørg Myhra Bergwitz

#### **Årsmøtet i Bygdelagssamskipnaden**

Terje Svindseth, Olav Kårevik

#### **Årsmøtet i Vikværingen**

Terje Svindseth

#### **Landsmøtet i Noregs Mållag**

Ingen valt

#### **Årsmøtet i Det Norske Teatret**

Terje Svindseth

#### **Årsmøtet i Dag og Tid**

Terje Svindseth, Olaf Allmenningen

#### **Styret i Norsk Barneblad (for 2 år)**

Maria Ellingsen Austbø, Rune Bergwitz (4. vara)

#### **Rådet i Norsk Barneblad (for 2 år)**

Vigdís Rønning, Gunnvald Grønvik, Arne Nordvi (vara) og Anne Cathrine Johansen (vara)

#### **Generalforsamling Den mangfaldige scenen AS**

Terje Svindseth

#### **Styret i Den mangfaldige scenen AS**

Gunnvald Grønvik og Julie Farseth Berg (vara)

### Personar/BUL-medlemer valde til verv i nærskylde organisasjonar

Terje Svindseth, organisatorisk nestleiar i **Noregs Ungdomslag**.

Jon Låte, leiar i **Fylkesmållaget Vikværingen**.

Anne Farseth, nestleiar i **Norges Friidrettsforbund**.

## Heidersmedlemmer

Laget har i meldingsåret utnemnd desse heiderslagsmedlemmene: Unni Helland, Arne Nordvi, Olaf Almenningen, Vigdis Rønning, Edvard Lauen og Nils Norman Iversen.



Heidersmedlemmene (f.v.) Olaf Almenningen, Ruth Amdahl, Vigdis Rønning og Arne Nordvi var til stades på årsmøtet. Ruth Amdahl var fram til dette møtet vår einaste attlevande heiderslagsmedlem. Foto: Terje Svindseth.



Unni Helland.

Foto: Kathe Langvik, Oslo idrettskrets

I 2020 fekk Unni Helland også Heiderspris frå Oslo idrettskrets på Oslo Idrettskretsting, for den mangeårige innsatsen sin i IL i BUL, Oslo Friidrettskrets og Norsk Friidrett.



**NYNORSKENS  
HUS**



**SONGLAGET  
BUL I OSLO • 1914**



**TEATERLAGET**  
I BONDEUNGDOMSLAGET • OSLO • 

**BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO 2020**